



Om etterbruken av pyramidar

Taler
Kjartan Fløgstad

Dato
8 september 2007

Sted
Oslo

Omstendigheter
125 års jubileumsseminar i Oslo Byggningsarbeiderforening

- 1 Lat meg først få gratulera med jubileet, og leggja til at eg er glad for å vera her, og få tala til eit så stort og sakkunnig publikum.

- 5 Som nokon kanskje veit, kjem eg frå ein typisk kraftkommune, og er stadig ein slags kraftkar, kraftsosialist og kraftpatriot. Eg er vaksen opp med 50 periodars industristraum i heimen, og med såkalla vippe, som straks mørkla heile huset og fekk NRK til å forstumma når vi skrudde lyden av Stavangerensembllet litt for høgt. På den tida måtte vi nøya oss med ein og same straumtype frå det grå og triste kommunale kraftverket. Ja, eg trur til og med at lyset var grått og
- 10 sosialistisk når det kom ut frå den kommunale kontakten. Men subsidiert var den, straumen, nesten gratis, så vi sløsa i veg, ut frå den forkastelege tanken at når vi som budde under dei tette skyene på den norske Regnkysten hadde fått naturen rundt oss øydelagt av demningar og kraftlinjer, så fortente vi kompensasjon i ei eller anna form.

- 15 Vi er altså ikkje på den vestafrikanske Gullkysten, men på den vestsandinaviske Regnkysten. Her gjekk det glitrande paradegater i form av røyrgrater som fulle av energi stupte frå heia ned mot kraftstasjonen innarst i fjordbotnen.

- 20 I dette selskapet treng eg ikkje minna om at det lenge var uråd å overføra elektrisk kraft over lange avstandar utan at energitapet blei for stort. Ved sida av kraftkatedralane sto det derfor alltid ein fabrikk som spydde tett omnsrøyk opp i skylaget som var tett nok frå før. Og regnet hølja ned utan stans. Om eg ikkje minnest feil, var eg tolv år første gong far min tok meg i handa og leidde meg
- 25 opp på oversida av røyken og skyene og viste meg sola. For eit mektig og blendande syn!

30 Lite visste vi då om kva for muligheter vi hadde. Den tanken var fjern, ja, utenkeleg var det at vi ein dag kunne få fridom til å velja sjølve, og mekla vår eigen straum, slik som i dag. I dag slepp vi å ha grå og triste byråkratar som bestemmer kva slags straum vi skal bruka. Ingen kommunale instansar sosialiserer retten vi som einskildindivid har til å forhandla fra våre eigne, individuelle kraftsatsar. Tenk på kva slags muligheter det gir, for ein forfattar, 35 ikkje minst!

Når eg skal dikta i dag, brukar eg vanlegvis straum frå Bjølvefossen eller Tyssefaldene på datamaskinen eller til å surfa på nettet. Men eg har også lagt til sides nokre kilowatt med årgangsstraum frå A/S Saudefaldene til bruk for å 40 skildra særleg personlege og sentrallyriske forhold.

Når eg derimot skal uttrykka meg meir urbant, hentar eg kraft og styrke frå Bergenshalvøen på PC-en, med Lyse kraft i leselampa over meg, og vanleg bulk av dansk kolkraft i panelomnen. Og til vanleg sakprosa er Oslo Lysverker eller 45 Viken Energi meir enn godt nok, særleg når den kjem frå gode nedbørsår, som i år og i fjor. Då er vintage årgangskraft langt frå nødvendig. For at eg skal ha godt eller dårleg samvit når eg set meg til datamaskinen, prøver eg så sant eg kan å mekla vindkraft og bølgekraft og solenergi til bruk i den daglege dont, tina kveldspizzaen osv. Det er det eg meiner er det fine, at nå har vi fridommen, og 50 valmulighetene. Klart at dette må kosta. Men fridommen til å velja og mekla mellom så mange flotte kraftsatsar er sjølv sagt mykje meir verdt enn litt svinging oppover i kraftprisane. Ingenting er betre mot kulde og forfrysningar enn 25 raske armtøyningar, seier eg til dei gamle damene som klagar over at dei frys.

55 Men ikkje berre har vi fått uante muligheter. Det er mange andre fordelar også. For eksempel har vi blitt kvitt røyken og forureininga, og den uestetiske skipsbygginga midt inne i storbyane våre. Det er eit stort framsteg. Med den deregulerte kraftforsyninga kan vi nå senda fabrikkane dit dei høyrer heime. Til utkantane, til utlandet, til U-landa, til kinesiske gulags, indonesiske samleband 60 og brasilianske sweatshops. Med andre ord dit pepparen gror.

Her kan den nye globale underklassen sveitta og slita med å koka aluminium og mangan for ei lusaløn, og gi sitt bidrag til vår vel fortente rikdom, så langt borte at vi garantert slepp å sjå dei, slepp å sjå utsleppa, slepp å ha dårleg samvit. Kan 65 vel verda ordnast betre og meir forstandig enn dette?

Alle James Bond-filmar sluttar med at skurken gøymer seg i eit skummelt fabrikkannlegg. Verda og det sivile samfunnet blir berga ved at vår mann sprenger
70 anlegget slik at produksjonsutstyret går til himmels.

For oss som bur i Oslo, er det særleg to trekk som har forandra bybildet dei siste tiåra. Tungindustrien har blitt borte. Kværner Lodalen er nedlagt. Akers Mek har blitt Aker Brygge. Spikerverket bokklubb og restaurant. Det er det eine. Det
75 andre er at i løpet av det siste tiåret har det blitt vanleg å møta tigarar over alt i Oslo sentrum. Er det nokon som trur at dette er tilfeldig? Sjølv har eg ein sterk mistanke om at desse to fenomena heng saman.

Då arbeidarklassen blei borte,
80 kom tigarane tilbake.
Då arbeidarklassen blei borte,
gjekk ledarlønningane gjennom taket.

I ei skarp tilnærming til desse utslaga av globalisering undrar den slovenske
85 sosialfilosofen Slavoj Žižek seg over om at «i den ideologiske forståinga til Vesten i dag er det ikkje slik at det er arbeidet sjølv -- manuelt arbeid i motsetning til «symbolsk» verksemd -- heller enn sex, som har blitt åstad for obskøn sedløyse og må løynast frå augo til ålmenta?» Han legg til at som Hollywood-filmen er manuelt arbeid blitt noko som går føre seg i mørke grotter under jorda, eller blir
90 utført av dei usynlege millionane som sveittar og slit for vår velstand i den fattige verda. Eller for den del på oljeplattformer i Nordsjøen og oppdrettsanlegg langs norskekysten. Så lenge arbeidet et gøymt unna på denne måte, kan vi i dei rike storbyane i det velståande Vesten trygt babla vidare om at arbeidarklassen er borte. Žižek legg til: «Avgjerande i denne tradisjonen er ei
95 stilltiane samanlikning mellom arbeid og brotsverk: ideen om at hardt arbeid er ei kriminell verksemd som ålmenta ikkje må få auga på.»

Ein gong i blant får ein forfattar eit sterkt inntrykk av å ha sagt noko som ligg i dødinkelen for offentleg sjølvforståing og som bør løynast for publikum fordi
100 det stygt og obskønt. I dag kan ein skryta av, og visa solidaritet med rovdyra i skogen, med vågekvalen i havet, med taterfolket, med gjeldsoffera, med dei rusavhengige, med forfattaren Knut Hamsun, og med deg som har prostitusjonserfaring. Skulle ein slumpa til å seia noko vakkert om tungindustrien og industriarbeidaren, anna enn at han er utdøydd og har gått til
105 dei evige jaktmarknader, som det vel heiter i dag, men like fullt stemmer på Carl

I. Hagen frå grava i det hinsidige, ja, så er 101 ute.

110 Sagt på ein annan måte: Den organiserte industriarbeidarklassen er den einaste
krafta som har utfordra kapitalismen. I dag er den sjølvmedvitne arbeidarklassen
svekka eller utsletta i Vesten, og erstatta med tropiske slavearbeidarar, som
arbeider under forhold der graden av utbytting er tilbake på 1800-talsnivået,
utan nokon av dei rettane den vestlege arbeidarklassen har kjempa fram. Ikkje
115 underleg at det er framvising av fysisk arbeid som dei herskande tankane i dag
ser på som obscønt!

Gjennom mange år har presse, film og litteratur gitt oss alle solid bakgrunn for å
forstå at arbeidslivet, særleg i dei såkalla «distriktene», i tillegg til å vera obscønt,
også er ein dyr fornøyelse, som vi truleg ikkje vil få råd til å halda oss med i
120 framtida. Skal vi tru toneangivende meningsdannarar, er for eksempel
oljeutvinning, ilandføring av gass, havbruk og prosessindustri primitive
verksemder som vi bør kvitta oss med for å bli avanserte industrinasjonar. Når
folk der ute i distriktene har fått lov til å tura fram som dei gjer, med
oljeutvinning i Nordsjøen, ilandføring av gass på Kårstø, fiskeoppdrett på
125 Smøla og aluminiumskoking på Karmøy, så er det eine og aleine fordi desse
kostbare aktivitetane blir subsidierte av dei tilsette i hovudstadspressa, særleg
oppofrande, etter det eg har lese meg til, av journalistane i Aftenposten,
Dagbladet, VG, Morgenbladet og Dagens Næringsliv.

130 Nå er jo heller ikkje NHO for katten. På Majorstua har dei rekna seg fram til at
det er Oslo som brødfør nordlendingane. Eller for å seia det med VG, 24.06.02:
«Finnmarkingene lever midt i matfatet, med noen av verdens rikeste
fiskeressurser rett utenfor stuedøren. Det er utrolig at det skal være så vanskelig å
leve av dette. En start kan være å gå gjennom fiskeripolitikken med fordomsfri
135 øyne. Egen inntekt skaper selvtillit. Så blir det kanskje slutt på sutringa også ...»
Og Dagsavisen legg til, den 17.07.02: «Oslos hensyn til distriktene er nesten
uten sidestykke i europeisk sammenligning. Når distriktenes kulturelle
hegemoni nå svinner hen, betyr det at solidariteten med utkantene også
modereres.»

140

Nå orkar snart ikkje dei som trekker på Akersgata å subsididera fiskarar og
oljearbeidarar lenger.

I ein artikkel i tidsskriftet Samtiden har den tyske forfattaren Hans Magnus

analysert desse avisene under mottoet Verden forsvinner. Den verda som
skrumpar inn i avisspaltene, er ikkje berre utlandet, men også utkanten og u-
150 landa. Det som blir igjen er det som nokon kallar virkelighet, og andre avis. Slik
politisk er det motsette av apolitisk, er vis som kjent det motsette av avis. Når
visdommen blir borte, blir avisdommen igjen.

På åttitalet erklærte kapitalismen krig mot arbeidarklassen, og vann.

155

Den som seier dette, er ingen marxist eller samfunnsstormar, men den liberale
amerikanske økonomen Lester Thurow. Mykje tyder på at Thurow har rett,
sikkert i den første, på kort sikt også i den andre delen av påstanden. Ikkje berre
har kapitalismen vunne. Ikkje berre blir dei sosiale skilnadene større. Dei
160 overvunne, både om dei kallar seg kommunistar, sosialistar eller
sosialdemokratar, har dessutan levert inn våpna. Dei har gitt opp sine egne
prosjekt om politisk makt og tatt til takke med den underordna rolla
kapitalismen tilskriv folkevald regjeringsmakt. I staden for å representera folket
og arbeiderklassen har dei underordna politikken under den reelt eksisterande
165 økonomien. Dette går saman med ei ideologisk avpolitisering av kapitalismen.
Postpolitikken ser kapitalismens herjingar som naturkatastrofar, og motstanden
som «kultur» og politikk. Når postpolitikarane snakkar om kapitalismen, seier
dei som Gertrude Stein sa om amerikanske storbyar, at «Det er ingen «der»
der.» Men vi lever stadig i eit verkeleg samfunn, med verkeleg historie, verkelege
170 sosiale motsetningar, verkelege muligheter og verkelege sosiale krefter som
kjempar om makta. Sjølv i det virtuelle samfunnet er det eit «der» der. Men
denne røyndommen viser seg ofte i form av tekstar, slik at diskursanalyse må
utfylla dei sosioøkonomiske tilnærmingsmåtane.

175 I det absolutte demokratiet er alle representerte i styringa av staten, og alle kan
vera desse representantane. Det reelt eksisterande demokratiet er utlevert til
storkapitalen. Økonomisk makt gjer vald mot så godt som alle demokratiske
rettar. Pengar kan kjøpa dei fleste verdier som i eit demokrati ikkje skal vera til
sals: juridiske fordelar i retten, talarstolar som gir ytringsfridommen til talaren
180 større vekt, osv.

Av dei 100 største økonomiane i verda er 47 nasjonar, og 53 storkonsern. Sjølv i
Latin-Amerika, der frie val har ført erklærte sosialistar og venstresosialistar inn i

185 regjeringskontora i Brasil, Uruguay, Chile, Bolivia, Ecuador og Argentina, og
truleg skulle gjort det i Mexico, er det få teikn til alternativ utover å dempa
verknadene av marknadsekonomen. I land der hundane til dei rike får betre
mat enn borna til dei fattige, har ingen folkevalde regjeringar utfordra
interessene og privilega som gjer dette mulig. Den såkalla Matteus-effekten, som
190 sosialteorien lenge har vist til, har blitt gjennomført i praktisk politikk: «For den
som hev, han skal faa, so han hev nøgdi; men den som inkje hev, skal missa
endaa det som han hev.» (Matt. 13.12, gjendikta av Alexander Seippel).

Viss Thurow og mange med han har rett, er det to dramatiske tiår vi har
195 gjennomlevd. Paradigmeskifte, historisk vendepunkt. Hos oss har
oljerikdommen dempa skadeverknadene, men også her til lands har den
økonomiske krigføringa på den eine sida skapt ufattelege nye formuer, og på
den andre sida utsletta menneske, bedrifter og heile samfunn.

200 Motstanden har i liten grad hatt politiske, og i endå mindre grad
parlamentariske uttrykk. Men kva med litterære? Kor har korrespondentane
vore i denne krigen mot dei fattige? Har kapitalismens triumfarta krig mot
arbeidarklassen blitt forstått og formulert i kunsten og i litteraturen? Og meir
grunnleggande: finst det eit språk for dette?

205 For eigen del har eg gjennom fleire tiår prøvd å skildra dei samanvevde følgene
av avindustrialisering og globalisering av finanskapitalen. Arbeidets lys (1990)
tar for seg verksemda til Union Carbide i Sauda på den vestskeandinaviske
Regnkysten og i Takoradi/Nsuta på den vestafrikanske Gullkysten. Pampa
210 Unión/Sudamericana (1994/2001) startar med nedlegginga av chilenske og
bolivianske gruvesamfunn. Osloprosessen (2000) handlar om dei ideologiske
følgene av avindustrialiseringa av hovudstaden. Shanghai ekspress (2001) er ei
reiseskildring gjennom tigerøkonomien på den kinesiske austkysten, medan
Hotel Tropical (2003) tar for seg tropehotella som kommandosentrar i det
215 økonomiske verdssystemet. Og seinast i Grand Manila (2006) har eg skildra
tilgrensande spørsmål i romanform, frå Bhopal i India til Sauda i Norge og
Hawk's Nest i West Virginia i USA.

220 Dette var bakgrunnen for at eg sommaren 2006 takka ja til å reisa til Svalbard
for å skriva ei bok om ein nedlagd russisk gruveby. På ein måte er eg sikker på at
det var mine egne hieroglyffar eg strauk fingertuppane mot då eg for første
gong famla meg gjennom mørkret i dei tomme bygningane i den forlatne

gruvebyen Pyramiden. Med mitt utgangspunkt var det heile tida nærliggjande å
225 spørja seg sjølv: Vil stader som Odda, Sauda, Tyssedal om nokre år stå igjen slik,
med forlatne pyramidar som mausoleum etter industrielle faraoar?

Fram til byen blei endeleg fråflytta i 1998, var Pyramiden innarst i Isfjorden på
Svalbard det nærmaste ein kunne komma ein sovjetisk mønsterby. Den var
230 grunnlagt i 1946, midt under stalinismen, og utforma for statselskapet Trust
Arktikugol av prosjekteringsfirmaet Lenghiprosjakt i Leningrad.

Rundt sentralaksen langs hovudgata i byen var det bygd bustadhus i fire etasjar,
skular, barnehagar, klubbhus, hotell i sovjetisk pomp og prakt, polarmuseum,
235 fullt utstyrt sjukehus med fire faste legar, svømmehall med internasjonale mål.
Bak Lenin-bysten øverst i hovudgata tronte Kulturpalasset med kinosal,
idrettshall, ballettstudio, musikkisal, stort bibliotek der to fulltids bibliotekarar
heldt styr på fleire titals tusen band. Byen hadde importert russisk gras i
fellesområda, fjernvarme, sentralfyr, fjøs og drivhus som gjorde innbyggjarane
240 sjølvforsynte med friske matvarer. I prinsippet var det eit pengelaust samfunn.
Lange, betalte feriar i Syden. Etter kontraktstida på to-tre år fekk arbeidarane
fleire privileg når dei flytta tilbake til fastlandet: busetja seg kor dei ville i
Sovjetunionen, låg pensjonsalder, løyve til å kjøpa privatbil, osv.

245 Den dag i dag ser Pyramiden ut som om den er bygd for æva, eller rettare, for
Sosialismens Siger. Som utstillingsvindauga for eit politisk system må det vera
det mest avsides som nokon gong er bygd. Stort sett er det isbjørn og polarrev
som har kunna spegla seg i bildet av Pyramiden som sosialismens triumf.

250 Fleirtalet av dei sovjetiske gruvearbeidarane på Svalbard var ukrainarar, frå
Satka-gruva i steinkolfeltet i Donbass. I Pyramiden var det likevel russarane som
dominerte, mange frå kolfelta rundt byen Tula, 220 km sør for Moskva.

Samanlikna med den nedslitne russiske hovudbasen i Barentsburg, blir
255 Pyramiden skildra som reine mønsterbruket. Dei fleste likte seg betre her.
Konsulatet og statsorgana låg i Barentsburg, men også den avsides geografiske
plasseringa gjorde kontrollen og overvakinga meir avslappa i Pyramiden.
Mindre stat, mindre KGB, meir sjølvstyre. Også dei norske naboane likte å
komma til Pyramiden, sjølv under den Kalde krigen. Kontakten gjekk føre seg i
260 organiserte og offisielle, men ikkje nødvendigvis mindre festlege former, det er
begge partar enige om.

I hovudsak hang nedlegginga av Pyramiden hausten 1998 saman med to ting:
265 Slutten på den Kalde krigen, og samanbrotet til den sovjetiske planøkonomien.
Trust Arktikugol er framleis eit statsselskap, og har små midlar å rutta med.
Strategisk er ikkje Svalbard lenger så avgjerande viktig. Dessutan var gruvene i
Pyramiden tungdrivne, og lite rekningsssvarande. Rubelkrakket i 1997-98 må ha
spelt inn, saman med den store flyulukka på Tempelfjellet ved Longyearbyen,
270 som kravde livet til 141 russiske og ukrainske gruvearbeidarar på veg til
overvintring i Barentsburg og Pyramiden.

På mange måtar gir denne staden eit eineståande utgangspunkt for å reflektera
over tema som kommunismens historie, Sovjetsamveldets samanbrot,
275 sosialismens framtid. Pyramiden. Portrett av ein forlaten utopi, som er tittelen
på mi bok, sluttar med ein epilog, som tar for seg slike spørsmål i ei oppdikta
skildring av hundreårsmarkeringa for Oktoberrevolusjonen i 1917, slik den kan
gå føre seg i Pyramiden i 2017.

På denne tida vil overgangen frå industrikultur til kulturindustri ha rive over
alle band mellom økonomi og politikk. Lykkehjulet har erstatta tannhjulet som
økonomisk drivkraft. Frå den snøfattige vinteren 2007 vil mange nordmenn
framleis hugsa den episke striden mot dåverande LO-ledar Gerd-Liv Valla. Som
vi veit, blei Det norske Mediepartiet (DnM) samla organisatorisk i løpet av
285 denne dramatiske striden, og var dermed i praksis det einaste reelle maktsentret.
Den såkalla speilfløyelserevolusjonen var organisert av reklamebyrået Babel
ProPaKlama i samarbeid med klesgiganten Hennes Dressmann, og stadfesta
berre dette paradigmeskiftet. Dei gripande fjernsynsbildene av den nye
hegemoniske klassen, kledd i speilfløyel frå topp til tå, gjekk verda over, medan
290 dei svinga små speglar att og fram i den gnistrande vinterlufta, som for å
gjenspegla Opplysnings dialektikk, og song Velvet Underground og Nicos I'll
Be Your Mirror unisont, med isklump i halsen og tårer av iskrystall på kinnet.
For ope kamera grein nyhetsankeret på CNN(NNN) openlyst over denne
demonstrasjonen av heroisk fridomsvilje. Babel ProPaKlama kjempa om
295 hovudentreprise på det som blei heitande den Store Svenska Rea-volusjonen
(Revolusjon på tilbod).

For å revitalisera politikken og partistrukturen vedtok det nye Stortinget
haustsesjonen 2013 å privatisera seg sjølv, og etter kvart gå på børs som eit
300 holdingselskap for produksjon av rality-teve, styrt av såkalla ratings. Den

opprivande striden om kven som skulle overta som LO-formann etter Knut Haavik, enten Fredrik Skavlan frå NJ (Norsk Journalistlag) eller den radikale Knut Nærum frå NOPA (Norsk Forening for komponister og tekstforfattere),
305 førte til politisk splitting, med mediepartia Se & Nå og Her & Hør som dei dominerande blokkene. Mediepartiets Event Representative (dvs. stortingsrepresentant) var i sju år på rad kåra som den mektigaste personen i riket. Alt fysisk næringsliv var nå utsårta til eit manpowerfirma som hadde hovudsete i Poznan i Polen, tilsynelatande kontrollert økonomisk av eit
310 nigeriansk oljekartell, men eigentleg styrt av tidlegare fagforeningsbossar i sørafrikanske og brasilianske pensjonsfond. Men dette er av heilt underordna interesse, i og med at etter år 2010 nådde berre saker om kulturell, ikkje økonomisk kapital opp i nyhetsbildet. Det gode liv var å sjå seg sjølv på teve heile tida. Når du ikkje er på, er det ingen vits i, å vera til. Fordi politikken berre
315 handla om avbildingar, var den avmechtigast, som såg seg sjølv mest.

Med unntak av gresk-romersk bryting, og boksing, leda det norske skikongehuset både den innbringande showspornæringa, og tilskodarutdanninga ikkje berre i Norge, men også i Nord-Sverige, og i Finland,
320 og i det nordvestrussiske storhertugdømmet Kola, pluss den danske kvinnehåndballen. Under mottoet Engler i sneen var nordmannen Ari Behn den sjølvskrivne presidenten i den internasjonale vinterolympiske komiteen. Jula varte heilt til påske, som til gjengjeld var avskaffa, på grunn av snømangel.

325 Frå starten av skuleåret 2013 var tilskoding (eller tilskuing på sidemålet) utan samanlikning det mest søkte studiefaget innan vidaregåande utdanning, med universitetet i Sogndal som den førande lærestaden. På Campus Fosshaugadn starta ein alt i 2007 arbeidet med «mastergrad i sidekommentering, med tanke på OL i Tromsø i 2018». Sidan kunne ein fordjupa seg i heiling på skøyteløparar
330 i temperaturar under 10 minus, slå autentiske langrennsflokar som under dei olympiske leikane på Lillehammer, medan musikkundervisninga handla om å synga supportersongar og læra fleirstemte talekor som i VIF-klanen:

Øl og vold, skamslått bønder, øl og vold, skamslåtte bønder!

335

Den stadig yngre og lovande Trond Giske frå det vesle fløypartiet Aftp./dgbl. (a-s), som blei vald til regjeringssjef gjennom ein parlamentarisk hestehandel som forhindra at majoritetsledaren og popstjerna Suzukie Yod fekk vervet, tok sjølv initiativ til å skifta namn på stillinga, frå statsminister til Event Director.

Med denne tittelen sa han tydeleg frå om at den politiske striden nå eine og aleine sto om stagepass til sendeflater, utestader, nettstader, restaurantbord, bakrom og spalteplassar. Det liberale demokratiet gav rikeleg politisk handlingsrom. Og samstundes hindra det at desse handlingane fekk sosiale og økonomiske følger. Ein ny og pseudoaristokratisk overklasse retta seg aleine etter hoffet, det vil seia media.

Viss mine opplysningar er tilnærma riktige, er det omlag dette offentlege livet vi kjem til å møta i løpet av den kommande tiårsperioden. Såleis er det opp til oss sjølve å gjera spådommane til skamme, eller få dei til å gå i oppfylling.

I daglegtale blir fantasi og realisme ofte sett på som motsetningar. Men i litteraturen, som i livet, er fantasi og realisme ofte det same. På den måten at det krevst vill fantasi for å vera streng realist, og streng realisme for å leva, og skriva fantastisk.

For å forstå og skildra det norske samfunnet av i dag er det nødvendig å skriva slik at lesaren lurar på kva som skjer på neste side, og på neste side igjen. Og på kva som skjer på siste side.

Og på siste side lurar han, eller ho på kva som eigentleg har skjedd.

Men nei, ikkje i litteraturen, ikkje i mine eller andre sine bøker.

Men med politikken, men med Oljå, men med EU, men med fjernsynet, men med fagforeningane, men med oss som hadde husmødre, men med rikdommen, men med klimaet, men med framtida.

Men med dykk.

Men med meg.

Men med oss.

Kilde

www.byggfag.org/Oppriss

Emner

Jubileumstale

URI

380

385

390

395

400

405

410

415